

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.09.2020

**Trude Brosvik (Krf)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Stamvegutvalet E39. Brosvik trådte frå då utvalet vurderte hennar habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Brosvik var habil til å delta i saksbehandling.

**Jenny Følling (Sp)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Stamvegutvalet E39. Følling trådte frå då utvalet vurderte hennar habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Følling var habil til å delta i saksbehandlinga.

**Gunnar Moland (H)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då han er varastyremedlem i IS Fjordvegen AS. Moland trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Moland var habil til å delta i saksbehandlinga.

**Arve Helle (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i Haukelivegen AS. Helle trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil til å delta i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga.

**Jenny Følling (Sp)** sette på vegner av Sp, A, MDG, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkeskommunen held fram med si deltaking i Stamvegutvalet E39. Fylkestinget ber fylkesordførar gå i dialog med dei aktuelle partane for å finne ut om det er interesse for å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.»

### Avrøyting

Det var 14 medlemer til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Følling sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2,3,4 og 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkeskommunen held fram med si deltaking i Stamvegutvalet E39. Fylkestinget ber fylkesordførar gå i dialog med dei aktuelle partane for å finne ut om det er interesse for å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.
2. Kontaktutval for E16 og Vossebana vert vidareført med fokus på strekninga Arna-Voss (K5).
3. Fylkeskommunen vidarefører sitt medlemskap i følgjande organisasjonar/selskap:
  - a) Stamvegutvalet E16
  - b) Forum nye Bergensbanen
  - c) Haukelivegen AS
  - d) IS Fjordvegen AS
  - e) Stad skipstunnel
  - f) Nasjonal rassikringsgruppe
4. Vestland fylkeskommune deltar i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune gjer det same.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen avklare samarbeidsformer med transportetatane for store statlege prosjekt, for m.a. koordinering av arbeidet i kontaktutval/selskap og i referansegrupper.